

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11. Fylke: N=Trøndelag
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Frol
 Emne: Ymse attåtfor Bygdelag: Frol
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Eige røynsle

SVAR

Det vert ikkje sanka røtter til for i Frol, og vart heller ikkje under krigen. Men mor fortalte at i hennar ungdom, kring 1875, sanka dei "Jeiskrot" (bregnerøttr) og gjødde geiter med om haustane og dei hadde og brukte dei til gris. Og det var eit sers godt for.

Då det er lite stranline i Frol, er bruk av tang å tare ukjend.

Anna hjelpefor har heller ikkje vore brukta i mands minne. Hestemøkk høyrdie eg gamle folk tala om som for i kring 1900. ~~men det var lange sider det var høyrdie~~

Sørpefor laga av varmt vatn slege på høymo eller turka potetgras veit eg at det vart brukta på ymse småbruk kring 1910 -20.

Rognebær er det arbeidd mykje med å få folk til å brukta til høner og gris, utan det er brukta nemnnande.

Fiskeavfald har vore nytta så tidom til, når det har vore å fått i. Eg hugsar at kring 1900 var det vanleg at folk frå Frol køyrdie med hest til Åsenfjorden og fekk i smásild, som så vart brukta til dei fleste husdyr.

Ellest har aldri Frol brukta noe vidare av hjelpe for i dei seinare årtider, det er for god jordbruksbygd til det.

2272

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING